

Tilbakemelding frå Sveio kommune, e-post datert 14.02.18

- › *"I planomtalen står teksten under med raud skrift under temaet Kulturmiljø. Er det slik at dette tema ikkje er avklara enno eller har ein berre gløymt å oppdatera informasjonen etter gjennomførte undersøkingar?"*

Når det gjeld kultur, så er registreringane gjort og SVV har fått munnlege avklaringar frå kulturminnemynde. Hordaland fylkeskommune har sendt over rapport, medan rapporten frå Rogaland fylkeskommune ikkje er oversendt til SVV enno. Planen var å få lagt ved rapportane i høyringsperioden.

Tilbakemelding frå Sveio kommune, e-post datert 13.02.18:


- › *"I planbeskrivelsen for reguleringsplanen for Fv 47 Fagerheim-Ekrene ligg det på side 27 ein arealoversikt som viser areala for dei ulike arealføremåla. Denne gjeld for heile planen. Er slik oversikt utarbeida berre for den del av planen som ligg i Sveio?"*

I planskildringa ligg det ei oversikt over arealføremåla for heile prosjektet. Det kan lagast ei oversikt over arealføremåla berre for Sveio kommune, til bruk i sakshandsaminga.

Tilbakemelding frå Sveio kommune datert 12.02.18:**1. Gang- og sykkelveg**

- › *"Vi ser at det ikkje er gang- og sykkelveg etter toplanskryset, vidare på fv. 47. Det er berre vist g/s-veg opp mot og langs Fv 541. Vi kan ikkje føresetja at dei som skal frå Ekrene til Sveio sentrum går eller sykklar via Vågedalen, som er 600 meter lengre på ein betydeleg mindre trafiksikker strekning.*

I kommuneplanen er det vist både eksisterande gang- og sykkelveg, samt framtidige gang- og sykkelveg. Kommuneplanen viser g/s-veg langs fv. 47 nordfrå og fram til avkøyrsla ved Vågedalen. I tillegg viser kommuneplanen gang- og sykkelveg langs fv. 47 sørfrå og inn langs fv. 541. Det er ikkje vist framtidig gang- og sykkelveg langs fv. 47 frå Ekrene og nord til krysset inn til Vågedalen, i kommuneplanen. Det er lagt gang- og sykkelveg mot Vikse skule innanfor planområdet, som samsvarar med kommuneplanen.



- > I tillegg ligg det nokre bustader rett utanfor plangrensa vidare mot nord. Dei vil ikkje få tilgang til g/s-veg mot sør. Det er vist eit større offentleg område nord for krysset mot fv. 541. Dette område bør òg ha tilgang til g/s-veg i framtida.

Kva er grunngevinga for at denne korte strekninga ikkje er vist med gang- og sykkelveg?

Vi meiner såleis at det må visast g/s-veg langs fv. 47, heilt til plangrensa i nordaust. "



- > Prosjektet fv. 47 Fagerheim-Ekrene sluttar ved Ekrene næringspark. Når det gjeld bustader nord for planområdet, ligg ikkje desse innanfor prosjektet eller planområdet. Forbi desse bustadane ligg det ikkje gang- og sykkelveg i dag, og situasjonen for bustadane vert ikkje endra frå dagens situasjon.

For det offentlege området nord for krysset mot fv. 541, ligg det så vidt vi veit ikkje føre nokon konkrete planar enno. Ved regulering av det offentlege området vil det vera naturleg å løyse

gang- og sykkelveg i det aktuelle planarbeidet, slik at ein sikrar gode løysingar, alt etter kvar eit slikt område skal ha tilkomst frå.

SVV ynskjer ikkje å gjera endringar på gang- og sykkelvegen.

2. Arealføremål i eksisterande reguleringsplanar

- › Arealføremåla frå gjeldande planar må fortsett gjelda i ny plan.

Det kan leggjast til tekst på plankartet som spesifiserer føremåla slik dei står i den "gamle" planen. Då vil det ikkje vera motstrid mellom teksten på plankartet og teksten i føresegnene det vert vist til.

3. Byggjegrænse

- › Med bakgrunn i dei tomter som frådelte og selde langs fylkesvegen er det viktig at ein revurderer byggjegrænsa i plankart og føresegner

Med utgangspunkt i eksisterande reguleringsplanar, kan SVV i samarbeid med kommunen prøve å justere byggjegrænsene noko. Det kan for øvrig sjå ut som om bygningen på gnr. 72, bnr. 255 i sin heilskap ligg utanfor byggjegrænsa i dagens reguleringsplan for Ekrene næringsområde. Kan det stemme?

4. Overvatn

- › *Er det gjort vurderingar i forhold til overvatn ved Ekrene elva ved Rophus som vert overfløymd jamleg på eksisterande fylkesveg? I rapporten om overvatn vert det på s. 11, kap. 3 vist til 7 feltnavn. Desse er ikkje omtala i teksten med konkret plassering og det er ikkje vist i kart. Er Ekrene omtala i noko av desse felta?*

Overvasshandtering er ikkje omtala i føresegnene men bør kanskje vera med som rekkjefølgjekrav dersom rapporten om overvatn viser til behov for avbøtande tiltak for nokre av områda.

Rapporten om overvatn (A014576_RAP 012_Overvannshåndtering_20171212) viser til feltnummer som kjem fram av teikningar i teikningsheftet, merka G001-G005. Teikningane dekkjer heile strekninga frå Fagerheim til Ekrene.

Det står i innspel til YM-plan at prosjektet ikkje skal føre til auka avrenning i planområdet.

5. Tilkomst til Ekrene Vest:

- › *Det er ikkje vist tilkomst frå toplanskrysset/tilkomstveg til fv. 541 til byggeområde på Ekrene Vest. COWI har utarbeida forslag til påkopling til toplanskrysset i områdereguleringa for Ekrene Vest. Dette må leggjast inn i planen.*

I planforslaget har ein valt å ikkje ta inn element frå planar som kun er under utarbeiding, og ikkje er vedtekne. Nye planar vil leggje seg oppå denne planen, slik det vil ikkje være problematisk å planlegge tilkomsten i reguleringsplan for Ekrene vest. SVV vil vera

høyringspart for Ekrene vest og vil såleis kunne ivareta sine interesser gjennom planprosessen til Ekrene vest. SVV er klar over at det kjem ein plan for Ekrene vest, og reknar med at den tilpassar seg denne planen.

6. Føresegner:

- > *Punkt 4.3 i føresegnene indikerer at nytt plankart skal gjelda men med gamle føresegner. Det er ei uheldig løysing. Plankart og føresegner må høyra saman.*

Sjå ovanfor om plankart og føresegner, i pkt. 5.

- > *Punkt 5.1*

Det bør stå at kommunen skal godkjenna teknisk plan før tiltak vert sett i verk for å sikra at det er samsvar mellom dei kommunale tekniske planane for infrastrukturen og dei som vert utarbeida for vegen. Det kan mellom anna vera aktuelt å leggja røyr eller leidningar saman med vegareala.

SVV ynskjer ikkje at det skal takast inn ei formulering der det vert kravd kommunal godkjenning av teknisk plan for tiltaket. Eit viktig poenga med å utarbeide reguleringsplan for vegtiltaket er nettopp at tiltaket skal vera tilstrekkeleg avklara i plan slik at det ikkje er naudsynt med byggjesøknad for sjølve vegtiltaket. SVV meiner likevel at ein kan ta inn fylgjande formulering i føresegna:

"Ved utarbeiding av teknisk plan skal SVV involvere Sveio kommune ved utforming av løysingar for teknisk infrastruktur".

- > *Punkt 5.9 bør ha eit punkt som sikrar at det vert laqt til rette for elbilparkering for alle parkeringsplassar (alle må kanskje ikkje byggjast men i det minste det liggja til rette for den dagen det er behov for slike løysingar.*

SVV meiner at pkt. 5.9 d) opnar opp for at det kan leggjast til rette for el-bil parkering på pendlarparkeringane, og at det dermed ikkje skulle vera naudsynt å spesifisere dette nærare.

7. Gjeldande fylkesveg

- > *Eg har ikkje sett at det står nokon plass kva som skal skje med gjeldande fylkesveg. Kva er planane der og er det noko i den samanheng som bør avklarast før planen blir godkjent?*

Det vert vist til kap.6.11 i planskildringa som omtalar omklassifisering av vegnett.

8. Diverse

- > *Punkt 9.1 c har lite å gjera med «Midlertidig anlegg- og riggområde». Det bør gjelda for heile planområdet og ikkje berre for dette området. Punkt c bør kanskje flyttast til «Felles bestemmelser»*

SVV er samd i at punktet kan flyttast til "Felles bestemmelser".

- > *Punkt 8.2 om faresoner. Her bør ein kanskje spesifisera kva føringar som skal gjelda for faresonen. Det bør kanskje framkoma at leidningane må leggjast i bakken i samband med tiltak. Vil kraftselskapet stilla krav om omlegging av leidningar slik at dei ikkje vert liggjande under vegareal?*

SVV meiner at dette går fram av anna lovverk, og at det såleis ikkje er naudsynt å spesifisere dette i føresegnene.